



Tingvoll, 8.1.2021

Herøy kommune
postmottak@heroy.kommune.no

Høyring av dispensasjon turveg Leikong - fråsegn

Vi viser til dykkar ref. 19/10790 20/16013

Sjølv om ein veg kan vere positiv, er det på ingen måte slik at hundre vegar er hundre gongar så bra.

Dispensasjonskrav

Turvegen det er søkt om på Leikong kan delast i to, den delen som går langs fylkesvegen og den som går ut i terrenget. Den delen som går langs fylkesvegen har vi ikkje merknader til. Veggen som er tenkt ut i terrenget er noko heilt anna.

Det er tale om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen. Eit vurderingstema er då om det er større fordelar enn ulempe med tiltaket. Vi har sett antyda at veggen har ein kostnad på 2,6 millionar. Det kan vere ein del av summen gjeld parsellen langs veggen, men parsellen oppetter fjellsida kjem til å fare med ein stor slump av dette. Det er ein kostnad. Dessutan går det med ein del terreng. Kostnad på terreng er ikkje enkelt, men ein kan ta utgangspunkt i kva kostnaden vil vere viss ein vil gjere ein tilsvarande veg om til natur igjen. På Dovrefjell har dei nyleg avslutta eit storarbeid der gamle vegar no er restaurert og skal bli til natur igjen. Det kostar noko.

Viss ein skal rekne på fordelane, må det vere skilnaden på at folk går på ein veg i staden for på ein sti. Så lenge dei som treng å gå på ein veg har mange alternative vegar dei kan gå på, så blir ikkje det nokon fordel å tale om.

Viss ein turveg på denne staden blir «vellukka», må ein rekne med at det fører til auka trafikk vidare innover i fjellet. Vi har ikkje sett noko om vurderingar av dette. Sjølv om det på store strekningar er tørt innover, meiner vi at auka ferdsel vil føre til auka slitasje. Det regner trass alt på Vestlandet, og vatn vil ofte følgje stiar som er den lågaste delen av terrenget. Den einaste måten å unngå dette på er å sørge for at området ikkje er meir tilgjengeleg enn at den aktuelle trafikken tolerast.

For den som vil gå på veg er det mange moglegheiter i Herøy kommune. For dei som vil gå på sti blir det berre færre og færre alternativ igjen. Det vil lett auke presset på dei stiane som er igjen. Det er ikkje sikkert terrenget toler ein meirtrafikk.

Alt no skulle det vere tilstrekkeleg med argument for at ein ikkje bygger nokon veg i terrenget. Ulempa med tiltaket er mykje større enn fordelane, og det kan ikkje gjevast dispensasjon.

Når ei sak er aktuell for dispensasjon er det minst like sterke krav til saksutgreiing som når saka blir tatt opp som ein rulleringsprosess knytt til kommuneplanen. Dispensasjon skal ikkje vere nokon lettvinnsnarveg med forenkla handsaming og svakare krav.

Vatn og graving

I løpet av eit år er det mykje vatn som skal ned frå fjellet og i fjorden. Vatnet følgjer terrenget, og der det er lågpunkt vil det bli små bekkar. Stiar har lett for å utvikle seg til små bekkar. Det gjeld i endå større grad vegar. Etter ei tid vil det bli eit spor i veggen der vatnet følgjer. Det graver minst like mykje i tilkøyrt grus som i grus som har vore på staden i all tid. Det blir aldri så tett mellom stikkrennene at det ikkje samlar seg vatn som følgjer vegbanen. Ein veg på ein slik stad løyser ikkje erosjonsproblemet, men problemet kan bli annleis.

Verknad av auka bruk

Viss det blir bygd veg som førar til meir bruk, er det eit spørsmål korleis stien vidare vil tole det. Vi antar at det vil bli auka slitasje, meir problem med vatn og utvida trase. Følgjer ein argumentasjonen i søknaden vil ein då etter ei tid få veg heilt opp til Rjåhornet. Det er viktig at ein ikkje punkterer dette området med veg.

Naturkartlegging

Viss ein skal endre på noko i naturen, skal det skje på eit kunnskapsbasert grunnlag. Det er ikkje naturtypelokalitetar på naturbase i dette området. Det kan skuldast at det ikkje er nokon, eller at dei ikkje er kartlagde. Når ein har sett terrenget og vidare nokre liknande område som er kartlagd i regionen, så kan ein rekne med at Herøy kommune ikkje har kartlagd i området.

I dette området må ein vente at areal under naturleg skoggrense kan vere T31 boreal hei (VU) eller T34 kystlynghei (EN), dvs. at dei er trelause fordi det har vore beite eller skjøtsel. Naturleg trelause areal øvst oppe vil ofte vere T3 fjellhei, leside og tundra (NT). Det er mykje jordvassmyr i området, som mindre flekkar eller større samanhengande område. Noko av myrealet kan vere rikmyr. All myr som det har vore mogleg å slå har ein gong vore slåttemyr, og noko av arealet kan framleis vere i ein tilstand som gjer at det skal kartleggast som V9 semi-naturlig myr (EN). Kystlynghei og slåttemyr er utvald naturtype. Moglege inngrep i utvalde naturtypar skal handsamast etter nml. § 53.

Vi har registrert at det har kome eit kartleggingsdokument frå Karstein Starheim. Det ser ikkje ut til å vere kartlagd etter metodikken som går fram av Handbok 13, eller etter NiN-metoden. Vi har registrert ei artsliste. Namnsettinga er ikkje oppdatert. Lista har påfallande mangel av kalkindikatorar. Frå vår eiga undersøking sommaren 2019 fann vi bjønnbrodd, gulsildre, breiull, fjelltistel, svarttopp og loppestarr som alle er heller tydelege kalkindikatorar, og ingen av desse står på Starheim si liste. Når Starheim seier i si oppsummering at «jorda er sur», så skuldast nok det at undersøkinga er konsentrert rundt der skotuppane har vore. Konklusjonen blir i alle fall feil. Mykje av området bør plasserast på intermedier del av skalaen når det gjeld kalk. Det kan vere noko høyrer til på kalkrik skala også.

Det er til no ikkje noko dokument som syner kva for naturtypar som ligg i området. Når store delar av området som er omsøkt kan vere raudlista naturtypar, kan hende utvalde naturtypar, er det nødvendig å få gjort noko med det. Viss søknaden skal handsamast, må det ligge til grunn ei kartlegging som held dagen sine mål av naturtypar i området. Eventuell omdisponering av utvalde naturtypar krev dessutan ei konsekvensutgreiing.

Alternativ utbetring av stien

Ei forsiktig punktutbetring av stien kan vere ei løysing viss det må gjerast noko. Slik utbetring kan gjerast med handreiskap (Hakke, spade, spett, krafse og krafsebrett) ved at ein justerer litt på område med vatn og utgraving. Når ein nyttar seg av handreiskap sikrar ein seg stort sett mot at inngrep blir for store, og ein sikrar seg mot at framande artar blir med reiskap og massar ut i terrenget. Punktutbetring fører sjeldan til nye og auka erosjonsproblem, slik ein veg vil gjere. Viss søkjar sjølv ikkje veit av nokon som kan levere slike tenester, kan Naturvernforbundet spørjast om råd.

Konklusjon

Naturen i området er ikkje tilfredsstillande kartlagd. Det ein har av kunnskap om naturen tilseier at det kan vere både raudlista og utvalde naturtypar i området. Ein veg vil lite truleg løyse erosjonsproblema. Tiltaket vil føre til ein vesentleg auke i inngrep i området. Det finst alternative måtar å utbetre stien på som er vesentleg meir skånsam mot terrenget og med langt mindre kostnad. Det er mangel på «humpete» stiar, og mangelen vil bli endå større viss tiltaket gjennomførast som søkt. Det er ikkje heimel for å gje dispensasjon til den delen av søknaden som gjeld bort frå fylkesvegen.

Med helsing

Øystein Folden
Leiar

Kopi: Statsforvaltaren i Møre og Romsdal